



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak D – Styrke Vassenden skule



Innhold

Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling	3
Kapasitet	4
Konsekvensar	4
Økonomisk effekt.....	4
Konsekvensar for elevane	5
Fagmiljø og læringsutbytte.....	5
Klassestorleik og læringsmiljø.....	5
Elevmiljø og trivsel	5
Lang reiseveg.....	6
Konsekvensar for tilsette	9
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	9
Andre konsekvensar.....	9
Effekt- og konsekvensmatrise	10
Konklusjon	10

Tiltak D – Styrke Vassenden skule

Tiltaket består av tre aktivitetar

- Ungdomsskuleelevar frå Viksdalen vert flytta til Vassenden, og Viksdalen vert gjort om til oppveksttun med barnehage og 1.-7. steg.
- Holsen krins vert flytta frå ungdomsskule i Førde sentrum til Vassenden
- Flytte ungdomssteget på Skei til Vassenden.

Start | Haust 2026

Beskriving av tiltak


Geografi og elevtalsutvikling

Viksdalen skule hentar elevar frå sin krins på ungdomssteget.

Elevar på ungdomstrinnet frå Holsen og Haukedalen krins soknar i dag til Halbrend skule. Frå Holsen skule er det 22,4 km til Halbrend. Til Vassenden skule er det 19,2 km.

Skei skule hentar elevar frå sin krins på ungdomssteget. Skulen ligg om lag 25 km frå Vassenden. Inn til Fonn i Stardalen, som vil vere området lengst vekk frå Vassenden skule er det om lag 42 km. Hausten 2026 vil ein ha fire elevar på ungdomssteget i Stardalen, der av ein elev inne på Fonn.


Med utgangspunkt i barnetal frå folkeregisteret ser elevtalsutviklinga slik ut for ungdomssteget:



Her er elevtal ved skulane med gjeldande skulekrinsar. Elevane frå Holsen går på Halbrend skule i dag.

Kapasitet

Ny skulestruktur med dette tiltaket gi følgande elevtalsutvikling:



Om ein i tillegg slår saman ungdomsskulane i Førde sentrum, vil elevtalet på «Heile Førde» ungdomsskule bli redusert tilsvarande elevtalet frå Holsen skulekrins, noko som kan lette på kapasitetsutfordringa der.

Reduksjonen på Halbrend (elevane frå Holsen) må sjåast i samanheng med eventuell samanslåing av ungdomsskulane i Førde sentrum, og vil redusere problemet med høgt elevtal på Hafstad, i noko grad.

Vassenden skule har kapasitet til å ta i mot elevane frå Viksdalen, Holsen og Skei.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Effektivisering av drift (stordriftsfordelar)
 - Reduksjon i andre kommunale årsverk (Merkantil, bibliotekar osv.)
 - Meir effektiv avvikling av valfag og språkfag
- Reduksjon i tal kommunale bygg dersom ein flyttar barnehagen og biblioteket i Viksdalen inn i skulebygget.
- Investeringsbehov for å tilpasse skulebygg.

	Budsjetår		Økonomiplanperiode			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Teneste 202	0	0	3 442	7 804	7 050	6 725
Skuleskyss 18*9000			-68	-162	-162	-162
Samla innsparing	0	0	3 374	7 642	6 888	6 563

* Gitt at ordninga frå dagens regjering vert vidareført

Med dette tiltaket vil alle elevar ved Skei og Viksdalen sine ungdomssteg få rett på skuleskyss til nye Vassenden skule. Hausten 2026 vil dette utgjere om lag 49 elevar, med årleg kostnad på 9000 kroner pr. elev. Dette utgjør 441 000 kroner årleg. Men mange av elevane har allereie skyss i dag

12 av 16 elevar på Viksdalen på ungdomssteg hausten 2026 har rett på skyss i dag. Det same gjeld 19 av 33 elevar ved Skei skule. Å flytte ungdomssteget til Vassenden skule vil derfor utløyse skyss for om lag 18 fleire elevar. Dette vil igjen utgjere om lag 162 000 kroner årleg.

Konsekvensar for elevane

Fagmiljø og læringsutbytte

Ein større skule kan tilby eit breiare spekter av valfag og spesialiserte undervisningstilbod, noko som kan auke elevane sin interesse og sikre fleire tilpassa tilbod. Med fleire elevar og lærarar blir det også mogleg å byggje robuste fagmiljø, der ein kan rekruttere lærarar med rett kompetanse og investere i meir utstyr for praktiske fag som teknologi, kunst og naturfag. Fleire ressursar kan leggje til rette for tverrfaglege prosjekt, der lærarar frå ulike fag kan samarbeide og gi elevane meir heilskapleg opplæring.

Klassestorleik og læringsmiljø

Eit større skulemiljø gir moglegheit for fleksible læringsgrupper som styrkar tilpassa opplæring. Elevar på ungdomssteget på Skei, Vassenden og Viksdalen vil alle oppleve å få utvida klassestorleiken sin ved å gjennomføre strukturtiltaket.

Det må også leggast til grunn at større miljø kan vere utfordrande for enkelte elevar, og bidra til svekking av tryggleikskjensla. Fleire elevar betyr og at vi i større grad greier å fylle opp klassar. Dette vil gi betre utnytting av ressursane, men i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen» kom det tydeleg fram frå både FAU og dei tilsette, at fulle klassar ikkje var til det beste for alle elevar.

Elevmiljø og trivsel

Eit større elevtal gir meir variasjon i det sosiale miljøet, med fleire moglegheiter til å danne vennskap og styrke den sosiale dynamikken på skulen. Å samle ungdom på

Vassenden bidreg til eit felles ungdomsmiljø, der elevane kan finne vener med liknande interesser og oppleve sterk tilhøyrslse. Eit større skulemiljø legg også til rette for enklare rekruttering til ungdomsklubb, andre fritidstilbod og sosiale aktivitetar.

Samtidig vil eit større miljø krevje tiltak mot mobbing og systematiske arbeid for å styrke sosial integrering. Her har skulane mykje gode erfaringar, som ved til dømes programmet «Draumeskulen» og PALS.

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

Lang reiseveg


Ved gjennomføring av tiltak D må kommunen nøye vurdere kva som er forsvarleg lengde på skulevegen for elevar på ungdomssteget. I denne vurderinga må vi vurdere forhold ved eleven, lengda på transporten og dei trafikale forholda som er gjeldande (busstopp, byte av buss osv.)

Det er ikkje definert maksimal reisetid i lovverket. Vestland fylkeskommune ved Skyss etterstrever å organisere ei samla reisetid på 75 minutt for ein elev på ungdomssteget.


Generelt blir ein dagleg skuleveg vurdert som akseptabelt dersom den gir elevane ein rimeleg reisetid utan at det går ut over kvile, fritid eller moglegheita til å delta i aktivitetar etter skuletid.

For enkelte elevar som i dag soknar til Viksdalen skule vil reiseavstanden auke betydeleg. Eleven som vert hardast råka av lang reiseveg både i tid og avstand bur i Gaularfjellsvegen (Mjell) og får om lag 1 time og 30 min reisetid med avstand på 50,8 km frå adressa, til Hafstad VGS-bygget.

Hausten 2026 fordeler elevar som går på ungdomssteget seg slik på Gaularfjellsvegen.




Slik ser elevfordelinga ut om ein ser på alle barn født frå 2009 (10. klasse) og fram til i dag.




Som alternativ for elevane i Viksdalen kan det vurderast å flytte ungdomsskuleelevane til Sande skule. Dette har vore tema i tidlegare prosessar, og det har vore uro knytt til å bruke vegen mellom Sande og Viksdalen som skuleveg. I dialog med vegeigar Vestland Fylkeskommune er det opplyst om at det er utført arbeid på vegstrekka dei siste to åra. Mellom anna er det opparbeidd ein rasvoll. I tillegg er det planlagt nokre mindre tiltak med bolting. Tiltaka reduserer risiko for ras, men vegen vil framleis vere utsett for rasfare.

Strekninga mellom Viksdalen og Sande skular er 24 km. For eleven lengst oppe på Mjell er avstanden 32 km. Rutebuss, med 10 min ventetid på Eldalsosen, brukar 1 time og 6 minutt (frå busstoppet *Hoffslåttene indre*).

Av elevane på Skei skule er det elevar i Stardalen som vil få den lengste skulevegen. Her er oversikta over alle barn i Stardalen, født i frå 2009 og fram til og med 2023:



Hausten 2026 fordeler ungdomsskuleelevane seg slik:



Ungdomsskuleelevane som bur lengst inne på Fonn får ein avstand 43,1 km. Dersom dei tar buss til Skei, byter buss (5 min), og får direktebuss til Vassenden

skule, vil reisetida bli om lag 85 minutt. Då er ikkje tida eleven brukar på å gå til og frå bussen medrekna.

Vi ser at tiltaket fører til ei svært lang reisetid kvar dag for elevane som bur lengst vekk, noko som kan vere krevjande både fysisk og psykisk for ein ungdomsskuleelev.

Konsekvensar for tilsette

- Ein større arbeidsplass med fleire kollegaer, som vil vere ei endring både sosialt og fagleg.
- Samanslåing kan skape eit større og meir variert fagmiljø for lærarar. Dette kan føre til eit rikare samarbeid, og styrking av profesjonsfellesskapet og utvikle pedagogisk kompetanse.
- Skei skule har ein del tilsette som bur i Gloppen og Sogndal kommunar. Det er ikkje usannsynleg at tilsette vil oppleve at avstand frå heimen til eventuell arbeidsplass på Vassenden er for lang. På den måten kan Sunnfjord kommune miste fleire lærarar ved gjennomføring av dette tiltaket.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- For Viksdalen og Skei sin del vil dette tiltaket kunne redusere ungdomsaktivitet i bygdene. Det er gjort eit godt arbeid over lengre tid for å legge til rette for at unge skal trivast, med mellom anna utviding av idrettsanlegg og etablering av ungdomsklubb. Det kan tenkast at å flytte ungdomssteget til Vassenden vil medføre at det blir mindre aktivitet i Viksdalen og på Skei.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing vil føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse. Dette vil redusere driftskostnader og gjere det lettare å investere i undervisningsmateriell og teknologi.

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
3	3	9

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gult

Konklusjon

Tiltak D, som inneber å styrke Vassenden skule ved å samle ungdomssteget frå Viksdalen, Holsen og Skei, har både positive effektar og utfordringar. Tiltaket legg til rette for betre ressursutnytting og gir eit større og meir variert fagmiljø, noko som kan styrke læringsmiljøet og fagtilbodet for elevane. Samstundes vil ein lengre reiseveg bli krevjande for enkelte elevar, særleg dei som bur lengst frå Vassenden, noko som vil påverke kvardagslogistikken og fritida deira. Tiltaket kan også føre til redusert ungdomsaktivitet på Skei og i Viksdalen.

Ein fordel ved å gjennomføre Tiltak D i kombinasjon med Tiltak A er at det reduserer «trykket» på nye Førde ungdomsskule ved å flytte elevane frå Holsen til Vassenden, noko som gir betre kapasitetshandsaming i sentrum. Slik sett kan Tiltak D vere eit effektivt grep som understøttar dei samla omstillingsmåla i Sunnfjordskulen, sjølv om det medfører enkelte praktiske og sosiale utfordringar.